

## Referat frå elevråd 25.10.23

**Til stades:** Kornelius og Nicolay frå 8A, Emely og Lina frå 8B, Emma og Noa frå 9A, Miranda og Kevin frå 9B, Eline og Even frå 10A, Kamilla og Per-Jetmund frå 10B og Grete.

### Sak 1. Referat frå førre møte.

Referatet blei godkjent med ein merknad. Grete var ikkje ført opp under tilstades.

### Sak 2. Informasjon om barn og unges kommunestyremøte og arbeid med sakene

Grete informerte om at BUK (barn og unges kommunestyre) blir 16.11.23. Då kan 4 representanter frå Elevrådet reisa ned til BUK. Det er naturleg at leiar, nestleiar og sekretær reiser ned. I tillegg kan me ha med ein representant til. Desse tre ønskja å vera med (Lina, Noa og Even) Me tek ei avstemming på kven det blir på neste elevrådsmøte.

Elevrådet har nå to oppgåver som må gjerast:

- Bli einige og laga eit konkret forslag til bruk av **75.000 kr**. Pengane må brukast på aktivitetar, arrangement eller "ting" som kan nyttast av born og unge i heile kommunen.
- Diskutera ulike spørsmål knytta til **elevmedverknad** og laga ein plan for korleis elevrådet vil involvera og sikra medverknad frå dei andre elevane, dei tilsette og leiinga.

Fyrste oppgave blir å innhenta forslag til bruken av dei 75.000kr, samt drøfta spørsmåla knytta til elevmedverknad i klassane.

### Sak 3. Eventuelt

Elevrådet ønskjer at Grete sjekker opp:

- kor mykje pengar er det i elevrådet
- om det blir Juleball i år

Ein elev etterspør om skulen kan melda seg på NFF si årlege fotballturnering og ein elev etterspør kor "Tinstafetten" blir av. Grete tek dette med lærarane på Driftsmøte.

### Referent

Grete R. Håland  
Elevrådsansvarleg  
Lye ungdomsskule